



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 15/736	Løpenr: 15/8829
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	17.12.2015	073/15	MS

VAL AV MEDLEMMER TIL STYRET I TOMAS NORDVIKS STIFTING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert sett fram utan framlegg til vedtak frå rådmannen.

17.12.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Samnanger historielag sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-073/15 VEDTAK:

Styre i Tomas Nordviks stifting 2015-2019

Medlemmer:
Hanne Yndestad Aadland
Olav Lien
Vidar Tveiterås (A)

Dokument som er vedlagt:

Vedtekter for Tomas Martin Nordviks stifting

Dokument som ikkje er vedlagt:

Brev datert 27.11.2015 – Invitasjon til å foreslå medlemmer til styret i Tomas Nordviks stifting.

Brev datert 07.12.2015 – Forslag til styremedlemmer i Tomas Nordviks stifting.

Kva saka gjeld:

Det skal veljast nytt styre i Tomas Nordviks stifting for kommunestyreperioden 2015-2019.

I kommunestyremøtet 26.11.2015 vart det gjort vedtak om å utsetja valet av medlemmer til styret i stiftinga.

I vedtektene til stiftinga står det at styret skal ha tre medlemmer og at styremedlemmene skal ha interesse for historie. Styremedlemmene skal veljast av Samnanger kommune. Det noverande styret vart vald i 2009, og består av følgjande personar:

- Olav B. Lien
- Hanne Yndestad Aadland
- Vidar Tveiterås

Ved tidlegare val har Samnanger historielag kome med forslag til medlemmer til styret i stiftinga. Samnanger historielag vart difor tilskrivne av administrasjonen i brev datert 27.11.2015. Her vart dei inviterte til å komma med forslag på personar dei kunne tenkja seg i styret i stiftinga.

Samnanger historielag har i brev datert 07.12.2015 foreslått at medlemmene Hanne Yndestad Aadland og Olav B. Lien i det sitjande styret vert gjenvalde for perioden 2015-2019. Historielaget har kontakta begge desse kandidatane, og dei har sagt seg villige til å sitja i styret også i denne kommunestyreperioden. Føresetnaden frå kandidatane er at dei begge to vert gjenvalde.

Ved tidlegare val til styret har ein av dei tre styremedlemmene gjerne vore omtalt som ”kommunen sin representant”. I den siste perioden har denne sistnemnde styremedlemmen vore Vidar Tveiterås (A). Samnanger historielag foreslår i sitt brev datert 07.12.2015 at Vidar Tveiterås vert gjenvald. Tveiterås er i fast medlem i kommunestyret i perioden 2015 – 2019.